

# **FORVALTNING AV VERNSKOG I SURNADAL KOMMUNE.**

***NY VERNESKOGGRENSE FOR SURNADAL  
KOMMUNE.***

***NYE RETNINGSLINER FOR SKJØTSEL OG DRIFT  
AV VERNSKOGEN I SURNADAL KOMMUNE.***

**VEDTATT AV FYLKESLANDBRUKSSTYRET I MØRE OG  
ROMSDAL 15.12.97.**

**GJELDANDE FRÅ 01.02.98.**



**SURNADAL KOMMUNE  
6650 SURNADAL**

## **FORVALTNING AV VERNSKOG I SURNADAL KOMMUNE.**

### **Orientering:**

Med heimel i skoglovgevinga er det lagt ut område som vernskog i Norge. Dei vernskoggrensene som har vore gjeldande til no, vart fastsett straks etter at skogloven av 1932 vart vedtatt.

Vernskoggrensene for Surnadal er fastsett av Landbruksdepartementet 18. juli 1935.

I NOU 1989:10 om fleirsidig skogbruk er "Fjellskog og skoglovens vernskogbestemmelser" drøfta som eit spesialtema. Utgreiinga tilrådde m.a. at vernskoggrensene etter § 32 i skogbruksloven bør reviderast og dragast opp på nytt utan omsyn til eigedomsgrensene.

Landbruksdepartementet har i rundskrivet M-0618 av 4. juni 1992 gjeve råd for revisjon av vernskoggrensene og forvaltning av vernskogen, jfr. skogbruksloven §§ 32 og 33.

I rettleiinga er vernskogen definert som skog som tener som vern for annan skog og andre areal, og skog som kan bli øydelagt. For Surnadal kommune gjeld dette stort sett vernskog mot fjellet. Rettleiinga peikar på at vernskoggrensa må dragast noko under grensa for produktiv skog og tilpassast dei lokale tilhøve.

Nye vernskoggrenser og retningsliner for skjøtsel og drift av vernskogen for Surnadal kommune blei endeleg godkjent av fylkeslandbruksstyret på møte den 15.12.97. Følgjande blei vedtatt:

### **NY VERNSKOGGRENSE GJELDANDE FOR SURNADAL KOMMUNE, JFR. SKOGBRUKSLOVEN § 32.**

(Grensa er lagt inn på topografisk hovedkartserie - M 711)

- kote 300      frå grense Halså kommune ved Kalset til grense Halså kommune ved Haugavatnet.
- kote 300      frå grense Halså kommune ved Solli til Lauvdalen.
- kote 250      frå Lauvdalen til Gjeitådalen overfor Holten.
- kote 275      frå Gjeitådalen til grense Halså kommune i Holtaskartet.
- kote 275      frå grense Halså kommune i Holtaskaret til Gravvoldsagelva.
- kote 250      frå Gravvoldsagelva til Bøvra ved Øygarden.
- kote 200      frå sørsida av Bøvra ved Øygarden til rørgata til Svorka kraftverk.
- kote 250      frå rørgata til Svorka kraftverk til trigpkt. 300 oppe på Hammeslia.
- kote 300      frå trigpkt. 300 til kraftline aust for riksveg 65. Langs kraftlina til knekk sør for Langvatnet. Rett line til kote 350 i Toresæterelva.

kote 350 frå Toresæterelva til grense Rindal kommune ved Dalsegg.

kote 450 ved Børsetsætra.

kote 500 ved Aunesætra.

kote 550 frå grense Rindal kommune ved Gråsjøen til Raudbekken.

kote 600 frå Raudbekken til Bossvassbekken. Bossvassbekken til Gråsjøen. Langs vestsida av Gråsjøen og Follsjøen og Folla til kote 350.

kote 350 frå Folla til Bjørkøysæterbekken.

kote 450 frå Bjørkøysæterbekken til Røstadsæterbekken.

kote 500 frå Røstadsæterbekken til Vassdalsbekken. Langs Vassdalsbekken og Vindøla til Veltre.

kote 350 frå Veltre til Søyåa.

kote 300 frå Søyåa til Middagsbekken.

kote 100 frå Middagsbekken til Hjellbekken.

kote 400 frå Hjellbekken til Kvenndøla.

kote 300 frå Kvenndøla til Åsbøen.

kote 350 frå Åsbøen til Svinvikhammaren.

kote 450 frå Svinvikhammaren til Romåa.

kote 400 frå Romåa til Hyllvadbakken.

kote 350 frå Hyllvadbakken til Neåa.

kote 400 frå Neåa til Toåa.

kote 350 frå Toåa til Gammelseterbekken.

kote 400 frå Gammelseterbekken til Svartdalen. Ned Svartdalen til Todalsfjorden.

kote 400 frå soknegrensa ved Raudmelan til Åsbekken.

kote 350 frå Åsbekken til soknegrense ved Torvik.

kote 300 rundt Bøli-halvøya.

## **NYE RETNINGSLINER FOR SKJØTSEL OG DRIFT AV VERNSKOGEN I SURNADAL KOMMUNE, JFR. SKOGBRUKSLOVEN § 33.**

All planlagt hogst i vernskogen unntatt ved til husbehov skal meldast til skogoppsynet/skogbrukssjefen seinast 14 dagar før hogsten er tenkt sett i verk. Meldinga skal m.a. innehalda opplysningar om kvar og når hogsten skal gå føre seg, storleiken på driftskvantumet og kva driftsmåte som skal nyttast.

Skogoppsynet/skogbrukssjefen pliktar straks å gje svar tilbake om hogsten blir tillaten og kva vilkår som eventuelt blir sett.

### **VERNSKOGEN MOT FJELLET**

Generelt må det leggjast avgjerande vekt på at vernskogen skal ta vare på sin funksjon som klimatisk vern for område som ligg nedafor, og at ein sikrar at ny skog kjem opp att snarast råd er. Ein må og sjå til at dei økologiske tilhøva ikkje blir vesentleg endra.

Flatehogst må berre skje i den nedre delen av vernskogbeltet, dvs. i den produktive delen (produksjon meir enn 0,1 m<sup>3</sup> pr. dekar og år).

Hogstflatene må leggjast slik at dei "glir inn i terrenget" og ikkje verkar visuelt skjemmande. Det må leggjast vekt på naturlege avgrensingar og at ein sikrar stormsterke hogstkantar. Ein bør unngå flatehogst på klimatisk utsette stader som t.d. knausar og åsryggar og der kaldlufta vil samla seg (bekkedrag, søkk o.l.). Det same gjeld der det er så bratt at det kan bli fare for ras.

I områda ovanfor den produktive skogen må det berre hoggast enkelt-tre der forynginga alt er sikra. Den øvste delen av skogen skal vere urørt.

Ved hogst i vernskogen må ein alltid spara store og særmerka tre, beitefurer, gadd o.l.

### **SERLEG RASFARLEG OMRÅDE.**

I samråd med ekspertar på ras vil det bli utarbeidd retningsliner for stell av skogen i slike område.

### **SKOGSDRIFT I VERNSKOGEN.**

I vernskogen der naturen si evne til å reparere terrengskadane er svakare enn elles, er det sers viktig å unngå skadar på markvegetasjonen og lausjordlaget. Ein må såleis nytte driftsmåtar som tek omsyn til dette. Dersom det blir skadar, må desse reparerast snarast så vel for syns skuld som for å hindra erosjon.

### **FORNYING AV VERNSKOGEN.**

For å sikra at framtidsskogen tåler klimaet på staden er det sikrast med naturleg forynging. Men der dette ikkje er råd å få til, må ein plante med planter som er av ein proveniens som er hardfør nok.

## **POLITISK BEHANDLING ETTER § 32 I SKOGBRUKSLOVA:**

1. gongs behandling i kommunen:

LANDBRUKSNEMNDA I SURNADAL

Møtedato: 30.03.93

Saksnr: 000007 00093 SKO

1. gongs behandling av fylkeslandbruksstyret:

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I MØRE OG ROMSDAL

Møtedato: 23.10.96

Saksnr: 156693 00007 SKO

2. gongs behandling i kommunen:

NÆRINGS- OG MILJØSTYRET I SURNADAL

Møtedato: 20.03.97

Saksnr: NMS 016/97

KOMMUNESTYRET I SURNADAL

Møtedato: 24.04.97

Saksnr: K 025/97

Endeleg avgjerd i fylkeslandbruksstyret:

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I MØRE OG ROMSDAL

Møtedato: 15.12.97

Saksnr: 156697 00012 SKO

Saksutgreiing og saksdokument for den politiske behandlinga, samt andre opplysningar, kan ein få ved å henvenda seg til: Surnadal kommune v/Skogbrukssjefen, Landbrukskontoret, 6650 Surnadal.

Surnadal 06.01.98

Tore Gjul  
Skogbrukssjef